



- GODE VENNER GJER VERDEN TIL ET BEDRE STED, står det på eit ljøs som Nelly Kjærland har dekorert i Bedehuskjellaren. Ho driv med så mangt på denne staden og i dette høve har ho samlingar for kreative frå 8 til 80. Nelly er saman med Maren Guddal Husby og Tove Lill Lakselv om dette tiltaket og målet er å laga ein samlingsstad på tvers av generasjonar der dei kan laga noko i lag og dele kristne verdiar. I fjor var 31 innom og 12 var under 26 år, dei kom frå alle delar av kommunen.

I fjor tova dei nålputehatt og hjerte og dekorerte dei med å filta inn ull i andre fargar
Dei har og laga blomar i fri filting av ull, Kvart semester har dei dropslagning og før jul stod englar på køyreplanen, Scrapbooking har dej og vore innom og til våren kjem tøflar og sitjerunderlag, Det er kjøpt ull for 1600 kroner.

Tekst, foto og nett; Ola Matti Mathisen